

## FAKTA OG AKTUELL INFORMASJON OM VIETNAM

Vietnam, offisielt Den sosialistiske republikk Vietnam er eit land i Sørøst-Asia ut mot Sør-Kinahavet. Det grensar til Kina i nord, Laos i nordvest og Kambodsja i sørvest.

Vietnam er med ein befolkning på over 90 millionar det 13. mest folkerike landet i verda. Hovudstaden er Hanoi, som ligg i den nordre delen av landet, mens den største byen er Ho Chi Minh-byen i sør. Landet er ein eittpartistat der berre kommunistpartiet er lovleg og presse og ytringsfridom er sterkt avgrensa. Det offisielle språket er vietnamesisk. Vietnamesisk skriftspråk er basert på det latinske alfabetet og er difor enkelt å lese. Eit aukande tal unge menneske snakkar engelsk, spesielt i byane. Mange eldre vietnamesarar kan noko fransk. Vi har med oss ein vietnamesisk reiseleiar som bur i Noreg og han er med oss på heile turen i tillegg til reiseleiar frå Fotefar.

## REISA

### Utreise

I god tid før reisa får du tilsendt informasjon om turen og deltakarliste med referansenummer som du brukar ved innsjekking. **Møt minimum 2 timar før innsjekking**, når du møter reiseleiaren frå Fotefar Temareiser, får du tildelt eit plastkort der du finn hotellinformasjon og telefonnummer til reiseleiarane og elles namneskilt. Du må også ha passet ditt med for å kunne sjekke inn.

Når du har kome gjennom sikkerheitskontrollen, skal du gå vidare til den avmerka gaten. **Pass på å komme tidleg til gaten, helst 1 time før avreise, då det ofte er kø i passkontrollen før gaten.**

Det er også fint om du tek på deg namneskiltet, slik at reiseleiaren kan sjå at du høyrer til gruppa vår, og det vert elles lettare å få kontakt med andre gruppedlemmar frå starten av.

Alle som reiser til Vietnam, må ha pass som kan lesast av på maskin (der sida med bilde og info er av plast). Det må vere minst to ledige sider i passet, og sjekk at det ikkje går ut før 6 månader frå innreisedato. Det er ikkje naudsynt med særskilt visum for norske statsborgarar dersom du oppheld deg i landet mindre enn 15 dagar. Du får turistvisum stempla inn i passet på flyplassen i Hanoi ved ankomst. Hugs at returbillett må synast før du får visum. Er det mindre enn 30 dagar sidan sist du var i Vietnam, må du søkje om ordinært visum. **Om du gløymer passet før utreise, kjem du ikkje inn i Vietnam med naudpass.**

### Flyreisa til Vietnam:

Reisa frå Norge til Bangkok tek om lag 10 timar, og vi får flyseter med innebygde tv-skjermar, og elles puter og pledd. Det vert servert to måltid undervegs med drikke, og ein kan elles kjøpe drikke mm i tillegg. Det er ei lang flyreise, og det er ettermiddag/kveldsflyging, så det er lurt å nytte tida til å få seg ein god blund.

Undervegs får du utdelt innreiseskjema som skal fyllast ut før ankomst. Det er difor lurt å ta med seg ein penn, og ha passet tilgjengelig når du fyller ut skjemaet.

Når du kjem til flyplassen der vi mellomandar (Bangkok), så fylgjer du reiseleiar til det er vorte avklara kva gate ein skal reise vidare til Vietnam frå. Ver på plass på denne gaten i god tid, då langdistanseflya ofte startar boarding tidleg.

## Ankomst Vietnam

Etter passkontroll og mottak av visum går du til bagasjehenting. Når du har henta bagasje, melder du deg hjå reiseleiar før du går vidare mot utgangen. **Ingen må gå ut av bagasjehallen utan å ha meldt seg til reiseleiar!**

Ved utgangen i ankomsthallen på flyplassen i Hanoi står den lokale guiden vår og møter oss. Etter at alle har gått samla frå bagasjehallen saman med reiseleiarar, kan vi stoppe for å gå på toalett, og ved minibanken for å ta ut pengar. Vi går vidare samla til bussen for avreise til hotellet.

## RÅD OG TIPS

### Prisnivå, tipsing mm

Valutaen i Vietnam er Vietnamesiske Dong, 1 dollar = ca 17.000 Dong = 8,5 norske kroner. Du må rekne med at du må ha ein del kontantar i tillegg til at du kan betale med kort. Kredittkort som Visa og Mastercard går stort sett overalt, men for mindre kjøp på gata og i bygdene må ein ofte ha kontantar. Det går fint å ta ut kontantar i minibankar rundt om i byane og på flyplassen, men på landsbygda må ein ha kontantar med seg. Det er lurt å ha med seg rundt 100 USD for å ha til tips og småkjøp, sjølv om USD ikkje er «lovleg» valuta er dette noko som vert sett pris på som betalingsmiddel. **Før du reiser, må du sjekke at du ikkje har regionsperre for Asia på betalingskortet ditt.**

I Vietnam er prisane gunstige for oss nordmenn – men ikkje for vietnamesarar flest. Matvarer, klede og andre naudsynte artiklar og tenester er dyre for dei, og lønningane er svært låge. Det er vanleg og forventa med 10-15 % tips til tilsette på hotell, restaurantar og drosjesjåførar. For arrangement som er inkludert i reisa, er det reiseleiar som står for tipsinga. Utanom dette står kvar og ein fritt til å tipse på eiga hand. Tipsing skapar velvilje og god stemning.

### Tryggleik, Reiseforsikring, sjukdom, medisinar

Vietnam er generelt eit trygt land å ferdast i. Kriminaliteten er etter måten låg. Ein bør vise alminneleg aktsemd, spesielt etter at det vert mørkt. Gå ikkje heim til hotellet åleine, men ta taxi frå godkjende taxiselskap (spør reiseleiar om namn på «sikre» drosjeselskap). Pris for turen bør avtalast før avreise dersom drosjen ikkje har taksameter.

Det er kurant og enkelt å ta ut pengar frå minibank i Vietnam. Men der, som overalt elles, må du passe på at ingen ser deg over skuldra når du tastar inn koden, og takk nei til hjelp frå folk du ikkje kjenner.

På reise i Vietnam er det svært viktig at du har ei gyldig reiseforsikring som gjeld for heile verda. Reseptfrie medisinar får du på apoteka som i Noreg. Har du faste medisinar du må ta, så må du sørge for at du har med deg nok til heile opphaldet. Du må elles ha med deg erklæring frå lege på spesielle medisinar som du må ha.

**Brann:** På hotellet vil du finne oversikter over evakueringsvegar ved eventuell brann eller andre årsaker til evakuering. Du må orientere deg om desse og kvar næraste trapp er. Du kan ikkje bruke heisen ved brann. Du må gå til resepsjonen og evakueringsområdet, som vanlegvis er framfor hotellet. Dette vil reiseleiar seie noko om for kvart enkelt hotell. Du skal møte ved evakueringsområdet og melde dykk til reiseleiar.

**Tryggleik i buss:** Der det er setebelte skal desse brukast. Hald dykk i ro i bussen i fart, om ikkje anna skulle tilseie dette (toalettbesøk eller liknande).

**Tryggleik i trafikken:** Trafikktryggleiken i Vietnam er dårleg. Spesielt i dei større byane er tettleiken av bilar og motorsyklar stor og respekten for trafikkreglar liten. Det er difor viktig å vere merksam når ein ferdast langs trafikkerte vegar, og når ein skal kryssa gata. Vel drosjer, båtar og bussar ut ifrå tilgjengeleg tryggleiksinformasjon, og spør reiseleiaren din om råd.

**Verdisaker:** Gå ikkje rundt med synlege dyre smykke. Det kan verte ei for stor freisting for einskilde. Pass godt på veska, og ha ikkje lommebok i baklomma, eller mobil på ein stad det er lett å stele den. Vi opplever svært lite kriminalitet på våre destinasjonar, men det er alltid lurt å vere føre var!

### **Skikk og bruk**

Vietnam er generelt eit tolerant land, og ein kan stort sett kle seg som ein vil. Dersom ein skal vitje eit tempel, ein pagode eller Ho Chi Minh-mausoleet vert det forventa at ein kler seg med respekt. Ein kan verte nekta tilgjenge om ein kjem i shorts. Det er naudsynt med bukse/skjørt nedom knea og langarma bluse/genser eller skjorte, eventuelt skjert som skjuler skuldrane og armane.

### **Nyttige telefonnummer:**

Politi 113, brannvesen 114, ambulanse 115

### **Telefon og internett (wifi)**

Forvalg og landkode til Vietnam frå Noreg er 0084. Forvalg og landkode frå Vietnam til Noreg er 0047. Vietnam har eit moderne og fullautomatisert telenett i dei store byane, god mobiltelefondekning og internettkafear i dei største byane. Det er gratis wifi på hotella våre, og dessutan på mange kafear og restaurantar. På cruiset vårt i Halong-bukta vil det vere dårleg dekning på telefonen og ikkje wifi. Så då kan vi nytte sjansen til å vere «avkopla» for nokre herlege dagar!

### **Tidsforskjell:**

Vietnam ligg føre Noreg i tid, fem timer ved sumartid, og seks timer ved vintertid.

**VI YNSKJER DYKK EI GOD REISE – OG MANGE GODE OG MINNERIKE OPPLEVINGAR SAMAN MED OSS!**

Helsing oss i Fotefar Temareiser